

GJERDE OG LEVEGG

Søknaden vert sendt til:

**Definisjonar:**

- Gjerde:** Innhegning med enkle, lette konstruksjonar som skal hindra ferdsel, for eksempel flettverksgjerde eller andre gjerder som ikkje er tette. Opne deler bør utgjera minst 50 % av konstruksjonen.
- Levegg:** Tett skjerm / konstruksjon som skal hindra innsyn, skjerma mot støy, vind, lyd eller liknande.

Kva for gjerder og levegger er søknadspliktige og kven er friteke søknadsplikta?

Når du skal sette opp gjerde eller levegg er det tre ulike kategoriar som er aktuelle. Avhengig av gjerdet / leveggen sin plassering, utforming, maksimale høgde over terreng og avstand til eigedomsgrense, kan det være at du;

1. Kan bygge utan å søkje (altså ikkje søknadspliktig).
2. Må søkje, men kan som tiltakshavar (tiltakshavar = byggherre / du som skal bygge) sjølv være ansvarleg for søknaden og byggearbeida.
3. Må søkje og søknaden må sendast inn av føretak som tar på seg ansvar som ansvarleg søkjar, eventuelt av tiltakshavar med ansvarsrett som sjølvbygger etter byggesaksforskrifta (SAK10) § 6-8. Prosjektering og utføring må utførast av føretak som tar på seg ansvar som henholdsvis ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande, eventuelt sjølvbygger, med ansvarsrett for dette. Eventuell kontroll må utførast av føretak som tar på seg ansvar for kontroll. Alle føretak som tar på seg ansvar må tilfredsstille krav til kvalitetssikring jf. SAK10 kapittel 10 og krav til utdanning og praksis jf. SAK10 kapittel 11.

Her er tre tabellar med meir informasjon om dei ulike kategoriane:

1. Ikkje søknadspliktig etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-5 e og g SAK10 § 4-1 d nr. 1 og 3:	
Kva gjerder og leveggar gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
Gjerde mot nabo.	Gjerde mot nabo kjem inn under plan- og bygningslova sine reglar berre når det er gjeve føresegner om det i arealplan, som for eksempel i kommuneplanen sin arealdel eller i reguleringsplan. Er gjerde mot nabo ikkje nemnt i arealplan for eigedomen, kan du sette opp gjerde utan å søkje. Høgde inntil 1,5 m over terreng er akseptabelt i dei fleste tilfelle. Privatrettslege reglar som du må innretta deg etter finn du i <u>lov om grannegjerde og nabolova</u> .
Gjerde (innhegning) mot veg med enkle, lette konstruksjonar med høgde inntil 1,5 m. Gjerdet må ikkje hindra sikta i	Du kan sette opp gjerde mot veg utan søknad, dersom ikkje anna er bestemt i arealplan, som for eksempel kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan. Ta gjerne kontakt med kommunen for å avklare nærmare om gjerdet du skal setta opp er søknadspliktig. Du er sjølv ansvarleg for at tiltaket (tiltaket = det du skal bygga)

GJERDE OG LEVEGG

<p>frisiktsone mot veg. (Sjå <u>SAK10 § 4-1 d nr. 3</u>)</p>	<p>følgjer reglane i <u>plan- og bygningslova</u> med tilhøyrande forskrifter, arealplanar, og andre løyver.</p> <p>Påvising av grenser kan vera aktuelt då det er viktig at gjerde mot veg ikkje vert plassert utanfor eigedomsgrensa. Eventuell påvising vert bestilt hjå kommunen.</p> <p>Du bør samarbeida med naboane dine om utføringa, slik at fleire gjerder langs same veg vert tilpassa kvarandre.</p> <p>Hugs at gjerde mot veg må utformast slik at det toler påkjenninga frå vanleg vegvedlikehald, som til dømes snøbrøyting.</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Levegg (skjermvegg) med høgde inntil 1,8 m og lengde inntil 10,0 m. Avstand til nabogrense må være minst 1,0 m. • Levegg (skjermvegg) med høgde inntil 1,8 m og lengde inntil 5,0 m kan plasserast inntil nabogrense. <p>Leveggen kan i begge tilfelle være frittstående eller forbundet med bygning. (Se <u>SAK10 § 4-1 d nr. 1 og 2</u>):</p>	<p>Leveggar av denne typen kan du setja opp utan å søkja, viss ikkje anna følgjer av arealplan, som til dømes kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan.</p> <p>Hugs at leveggen ikkje på noko punkt kan vera høgare enn 1,8 meter over terrenget.</p> <p>Skilje mellom seksjonar i rekkehus, der seksjonane er deler av same eigedom, vert ikkje rekna som nabogrense. Leveggen kan derfor setjast opp i skilje mellom seksjonane.</p> <p>Du er sjølv ansvarleg for at leveggen følgjer reglane i plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter, arealplanar, og andre løyve. Leveggen må heller ikkje koma i strid med anna regelverk, som til dømes <u>veglova</u> sine reglar til avstand og avkøyring eller byggeforbodssone etter <u>jernbanelova</u>.</p> <p>Husk at leveggen må byggast slik at krava til konstruksjonstryggleik er teke omsyn til.</p> <p>Før du startar å bygga rår vi til at du informerer naboane dine.</p>

ByggSøk

Dersom du skal setja opp gjerde/ levegg som er søknadspliktig, rår vi til at du sender elektronisk søknad gjennom ByggSøk-bygning (www.byggsok.no). Systemet er gratis og nettbasert, og du får rettleiing om utfyllinga undervegs. Ved å bruka ByggSøk får du samstundes ein betre kvalitetskontroll av søknaden. Mange kommunar har redusert gebyr for søknadar sendt inn via ByggSøk.

2. Søknadspliktig tiltak som du som tiltakshavar kan være ansvarleg for sjølv etter plan- og bygningslova § 20-4 og SAK10 § 3-1:

Kva gjerder og leveggar gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
<p>Andre gjerde (tette, «tunge» gjerde) og andre leveggar enn dei som er nemnt i tabell 1, og som etter kommunen sitt skjønn kjem inn under reglane i pbl § 20-4 e) «andre mindre tiltak som etter kommunens skjønn kan forestås av tiltakshaver».</p> <p>Kva for gjerder og leveggar du kan søkje om sjølv som <u>tiltakshavar</u> må du altså avklare</p>	<p>Dersom kommunen vurderer at det du skal setja opp kjem inn under denne regelen, kan du som <u>tiltakshavar</u> senda inn søknaden sjølv. Du er då ansvarleg for at tiltaket følgjer reglane i <u>plan- og bygningslova</u> med tilhøyrande forskrifter, arealplanar som til dømes kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan, og andre løyve.</p> <p>Kommunen kan føra tilsyn og be om at du blant anna dokumenterer korleis krava i <u>byggeteknisk forskrift (TEK10)</u> er teke omsyn til.</p>

GJERDE OG LEVEGG

med kommunen. Nokre kommunar har retningslinjer for dette.	
Søknaden skal sendast inn i eit eksemplar. I følgje SAK10 § 5-4 skal den innehalde:	
Søknadsblankett	nr. 5153*
Kvittering for nabovarsel og Opplysningar gjeve i nabovarsel. Naboar og tverrbuarar skal varslast. nr. 5155 og 5156 Dersom det vert søkt om dispensasjon, skal det varslast særskilt om dette. Søknaden kan ikkje sendast til kommunen før frist for nabomerknader er gått ut. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Nabovarsel –innhald og varslingsmåtar».	
Eventuelle merknader frå naboar med utgreiing for korleis merknadane eventuelt er teke omsyn til.	
Situasjonsplan Kartgrunnlag må vere av nyare dato og kan tingast hjå kommunen. Gjerdet/leveggen sin plassering markerast med farge på kartet, og avstandar vert målsett. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Situasjonsplan – kva vert kravd?»	
Teikningar i målestokk, f. eks. 1:100. Teikningane må visa høgde og utføring. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Teikningar – kva vert kravd?»	
Eventuelt søknad om dispensasjon *. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre reglar, er det krav til grunngeven søknad etter plan- og bygningslova § 19-1. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Dispensasjon».	

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning.

Dei 4-sifra nummera i tabellen viser til blankettnummeret for byggesaksblanketten som du finner på [Direktoratet for Byggkvalitet](#) sine sider.

3. Søknadspliktige tiltak med krav om ansvarlege føretak etter plan- og bygningslova § 20-3:	
Kva gjerder og leveggar gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
Andre gjerde (tette, ”tunge” gjerde) og andre leveggar enn dei som er nemnt i tabell 1 og 2. Eksempel på slike konstruksjonar er store tunge leveggar, skjermvegg eller innhegning som også er støyskjerm.	Søknad må sendast inn av føretak som tar på seg ansvar som ansvarleg søkjar , eventuelt av tiltakshavar med ansvarsrett som sjølvbyggar . For at du skal kunne bli godkjent som sjølvbyggar er det ein føresetnad at du har nødvendig kompetanse sjølv, eller at du knyter til deg nokon med slik kunnskap.
Søknaden skal sendast inn i eit eksemplar. I følgje SAK10 § 5-4 skal den innehalde:	
Søknadsblankett , inkludert erklæring om ansvarsrett for søkjar	nr. 5174*, 5175* og ev. 5184* og 5187*
Kvittering for nabovarsel og Opplysningar gjeve i nabovarsel. Naboar og tverrbuarar skal varslast. nr. 5155 og 5156 Dersom det vert søkt om dispensasjon, skal det varslast særskilt om dette. Søknaden kan ikkje sendast til kommunen før frist for nabomerknader er gått ut. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Nabovarsel –innhald og varslingsmåtar».	
Eventuelle merknadar frå naboar med utgreiing for korleis desse eventuelt er teke omsyn til.	
Situasjonsplan Kartgrunnlag må vere av nyare dato og kan tingast hjå kommunen. Gjerdet/leveggen sin plassering markerast med farge på kartet, og avstandar vert målsett. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Situasjonsplan – kva vert kravd?»	
Teikningar i målestokk, f. eks. 1:100. Teikningane må visa høgde og utføring. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Teikningar – kva vert kravd?»	
Gjennomføringsplan med oversikt over ansvarsområder inndelt i godkjeningsområder og etter tiltaksklassar, kontrollområder, ansvarlege føretak og gjennomføring av oppgåvene.	nr. 5185*
Erklæring om ansvarsrett for prosjekterande, utførande og eventuelt kontrollerande	nr. 5181* og ev. 5184* og 5187*
Eventuelle uttale og avgjersler frå andre myndigheiter som nemnt i SAK10 § 6-2 (vegmyndigheit etc.)	
Eventuelt søknad om dispensasjon *. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre reglar, er det krav til grunngeven søknad etter plan- og bygningslova § 19-1 og byggeteknisk forskrift (TEK 10) § 6-4. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Dispensasjon».	

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning.

Dei 4-sifra nummera i tabellen viser til blankettnummeret for byggesaksblanketten som du finner på [Direktoratet for Byggkvalitet](#) sine sider.

GJERDE OG LEVEGG**Når kan du starta å bygga?**

Om gjerde/ leveggen du skal bygga ikkje er søknadspliktig, kan du byrja å bygga med ein gong du har avklart at vilkåra for unntak frå søknadsplikt er oppfylt.

Om gjerde eller leveggen du skal bygga er søknadspliktig kan du byrja å bygga tre veker etter at søknaden er motteke av kommunen dersom følgjande vilkår er oppfylt etter plan- og bygningslova § 21-7:

- Søknaden er komplett, det vil seia at den inneheld all naudsynt informasjon
- Oppføring av gjerde eller leveggen er i samsvar med reglane gjeve i eller i medhald av pbl (er i samsvar med arealplan eller dispensasjon er innhenta på førehand).
- Det er ikkje naudsynt med ytterlegare løyve, samtykke eller uttale frå anna myndigheit etter SAK10 §6-2.
- Det finst ikkje nabomerknader.*)
- Kommunen har ikkje gjeve deg melding om forlenga sakshandsamingsfrist etter SAK10 §7-3.

*) Dette vilkåret gjeld ikkje om gjerde/ leveggen er slik at du kan søkja sjølv utan å bruka ansvarlege føretak. Sjå tabell 2 og pbl § 21-7 tredje ledd.

Er desse vilkåra ikkje oppfylt, må du venta med å bygga til du har fått skriftleg løyve frå kommunen. Kommunen har då frist på 12 veker til å gje deg svar. Sjå pbl § 21-7.

Når det søknadspliktige gjerde eller leveggen er ferdig bygd, skal du som tiltakshavar / ansvarleg søkjar be kommunen om ferdigattest.